

---

**Fra:** Unni Sjursen <Unni@abo-ark.no>  
**Sendt:** fredag 19. februar 2021 13:15  
**Til:** Ole Martin Bolset  
**Kopi:** Egil Magnar Eidsnes; Aina Tjosås  
**Emne:** VS: Revideringspunkt for planprogrammet til Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes  
**Vedlegg:** Merknadsskjema planoppstart.pdf; Planprogram 19.02.2021.pdf

Hei.

Nedenfor har vi svart på tilbakemeldingen din og vedlagt følger revidert planprogram og merknadsskjema.

Ha en riktig god helg!

Vennlig hilsen  
Unni M.S. Sjursen  
Arealplanlegger  
900 29 764



Hamnevegen 53  
Pb.291  
5203 OS

[unni@abo-ark.no](mailto:unni@abo-ark.no)  
[www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no)



---

**Fra:** Ole Martin Bolset <[ole.martin.bolset@alver.kommune.no](mailto:ole.martin.bolset@alver.kommune.no)>  
**Sendt:** torsdag 18. februar 2021 13:22  
**Til:** Unni Sjursen <[Unni@abo-ark.no](mailto:Unni@abo-ark.no)>  
**Kopi:** Aina Tjosås <[Aina@abo-ark.no](mailto:Aina@abo-ark.no)>  
**Emne:** Revideringspunkt for planprogrammet til Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes

Hei!

Har nokon punkt som eg ønskjer at de skal revidere i planprogrammet. Må ha dette ferdig og oversendt i løpet av måndag 22.02.21, for å rekke skrivefristen til neste APM.

Statsforvaltaren meiner at temaet «Bustad-, areal og transport» skal vere eit tema i planprogrammet.

Punkt 4.5:

Tittelen er trafikk. Eg stiller spørsmål til om det vert meir riktig at denne tittelen burde inneholdt «transport».

Ein har heller ikkje eit punkt som skriv om «areal», som for utgreiingstemaet «Areal og transport».

Legg til eit avsnitt angående bustadareal. (Både under kapittel 4.5 samt i tabellen under punkt 4.8.)

Under punktet areal og transport i tabellen under 4.8, er det heller ikkje definert metode, som for dei andre utgreiingstema. Er det aktuelt å nytte V712 for dette temaet òg?

**Svar: PKT. 4.5. KU tema er endra til Bustad, areal og transport.**

Statsforvaltaren skriv òg at born og unge sine interesser burde vere eit tema. Kor vert dette integrert?

Tydeleggjer dette i planprogrammet. (Merknadskjemaet skriv følgjande: «Tas til følge. Naturmangfald og Areal og transport er lagt til som nye KU-tema. Her skal ein blant anna sjå på born og unge og vurdering av skuleveg.»)

**Svar: Dette har vi ikkje tatt med som eit eige KU tema. Då det ikkje er gjort registreringar som seier at dette bør vere eige utgreiingstema. Planforslaget si betydning for barn og unge vil likevel vere eit viktig gjennomgåande tema i planskildringa.**

Statsforvaltaren skriv òg at kulturlandskap burde vere eit tema, ser ikkje at dette er svart ut.

Tydeleggjer at dette vert inkludert i temaet Landskap og Kulturmiljø.

**Svar: Kulturlandskap er lagt til KU tema for landskap og kulturmiljø.**

Punkt 4.3 andre avsnitt:

Skriv at det skal nyttast innslag av Statens vegvesen si handbok V712 – kopier dette til tabellen under punkt 4.8.

«For metode/kriteria veljer vi å nytte metode skildra i vegleiar for landskapsanalyse i kommuneplan frå 2011 ...» Eg reknar med dette er følgjande vegleiar markert med gult:

<image003.png>

**Svar: Metode er lagt inn.**

Punkt 4.6 tredje avsnitt, siste setning:

Med bakgrunn i førebelse registreringar og statlege anbefalingar frå (? **Legg inn**) er følgjande fagtema vurdert til å konsekvensutgreiast.

Noko som manglar her som lyt leggest til.

**Svar: Dette er retta.**

Punkt 4.8, siste avsnitt (under tabellen):

«I tillegg til utgreiingsprogrammet vil tema som born og unge og klima m.m. bli skildra som del av planomtalen. Det vil og utarbeidast ein eigen risiko- og sårbarheitsanalyse for planforslaget der mellom anna risiko for ulykker knytt til auka trafikk vil bli vurdert.»

Reviderast? I merknadsskjema står det at barn og unge skal verte tatt i KU-Tema areal og transport?

**Svar: Viser til svar ovanfor. Born og unge er ikkje tatt med som eit eige KU tema, men born og unge vil likevel vere eit viktig gjennomgåande tema i planskildringa. Dette er presisert i merknadsskjema.**

Om det er nokon spørsmål, ta kontakt!

**Ole Martin Bolset** | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

<image004.png>